

Dag Albert Sudmann
HJELTEN 45
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1447 - 22/15774

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
24.02.2022

Førerels svar med trøng for tilleggsopplysning - gbnr 1/6 Flatøy

Tiltak: Opprettig av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr 1/6
Tiltakshavar: Dag Albert Sudmann

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.02.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Innsendt erklæring om rett i fast eigedom manglar erklæring om rett til å ha vassleidning liggande på gbnr 1/6. Det er også kryssa av for at det er lagt ved kart. Me kan ikkje finna slikt kart. Det må anten leggjast fram kart med inntekna rettar eller krysset for kartvedlegg må fjernast.
2. Tomta må vera sikra godkjent avløpsløysing. Du må anten dokumentera at den avløpsløysinga du har tilfredsstiller dagens krav eller du må søkja om utsleppsløyve. Om dette spørsmålet kan du ta kontakt med Hogne Askeland på Miljø- og tilsynsavdelinga i kommunen.
3. Ut frå situasjonskartet ser det ut til at ny eigedomsgrense kjem nærmare bygningar enn 4.0 meter. Det må derfor leggjast fram skriftleg samtykke til dette. Til dette kan du nytta vedlagte skjema.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 25.03.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Saksgang

I samråd med deg sender me som avtalt saka på høyring til andre offentlege etatar og til landbruksavdelinga i kommunen for vedtak etter jordlova. Dette parallelt med at du supplerer søknaden med det som er nemnt i punkta over.

Dersom jordlovvedtaket er positivt vert dispensasjonen handsama etter plan- og bygningslova (Pbl).

Om vedtaket etter plan- og bygningslova er positivt vert delingssaka handsama når søknaden er komplett.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Dag Albert Sudmann

HJELTEN 45

5918 FREKHAUG